

## MÅVOTNO

Dette er stølen til dei tre bruka på Tveito g. nr 119. Hausnes leigde beiterett her ei tid, og hadde då eige sel lenger heime på træet. I dag har stølen to sel med eldhus mjølkesel og høyløer tilhøyrande bruk 2 og 3. Dei siste «heiltidsbudeiene» her inne var Kari Nygard og Brita A Tveito. Båe hadde ansvar for buskap og mjølkestell til dei nådde 80-års-alder. Stølen vart driven til slutten av 1960-åra og træet vart hausta like lenge. Høyet køyrde ein heim vinterstid over isen. Med godt føre kunne ein rekkja to hestelass for dagen.

I dag er stølstræet inngjerda beite. I aust ser ein varden på Snauegga. Middagvarden i sør viser kvar sola står midt på dagen og lenger vest på ein fint forma skarvhaug, ligg varden Kyrkja. Gangevegen mellom Ulvik og Granvin forbi Måvotno og Tveito over «Riste-bro» (Risbrua på Kjerland), er nemnd som «den snarest» tingvegen frå Ulvik og Eidfjord. Den første telefonlinja mellom Brakanes og Eide, bydg ca 1890, gjekk også her. Mange av dei oppmura stolpefesta kan ein sjå langs denne leia. Veggen/stien over Rusta til Vatnasete held fram etter nemnde tingveg. Hugs å ta av frå traktorvegen mot venstre ovanfor inste selet og vidare som nemnt i turprogrammet om du går mot Vatnasete/Litlastøl.

Til Fuglavatnet går det godt synleg sti rett fram frå samme sel. Frå Fuglavatnet/Fuglavassdalen kan ein t.d. gå mot Groheller, Dosafjellet, Trappfjellet og Midtfjell, eller kortare til Skaret og ev. like ned til Stokksel. Både Fuglavatnet og Måvatnet, har vore oppdemt for å sikra vatn til sag og kraftverk på Kjerland. Ein har vore i tvil om kva stølsnamnet tyder. Siste lekken –votno er eit fleirtalsord som viser til eit område med fleire vatn (Måvatnet, Vetlavatnet og Fuglavatnet truleg). Første lekken, Må-, som i daglegtale vert uttala m-a-o, kan om ein samanliknar med islandsk, seier kunnige, tyda måke (måse), altså måke-vatna, men om dette er rett, veit ein ikkje sikkert.

Omtalen er henta frå stølsboka og lokalkjende.

God tur!

Granvin turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim